



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

”Hysj, dette er vår lille hemmelighet”

”Hush, this is our little secret”

**Natalie Knutson Halland**

Kandidatnummer: 4

Barnehagelærarutdanning, avdeling Sogndal

Avdeling for lærarutdanning, kultur og idrett

Kirsten Flaten

07. Januar 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukta i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

## Innhaldsliste

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1.0 Innleiing</b>  | <b>3</b>  |
| 1.0 Bakgrunn for val av tema  | 3         |
| 1.2 Formålet med oppgåva  | 3         |
| 1.3 Oppbygginga av oppgåva  | 4         |
| 1.4 Problemstilling   | 4         |
| <b>2.0 Teori</b>  | <b>4</b>  |
| 2.1 Kva er seksuelle overgrep?  | 4         |
| 2.2 Barn og seksualitet   | 5         |
| 2.3 Normal seksuell utvikling hos barn  | 6         |
| 2.4 Korleis oppdage seksuelle overgrep?   | 7         |
| 2.4.1 Barnebok  | 7         |
| 2.4.2 Barns kommunikasjonsform  | 7         |
| 2.4.3 Regresjon   | 8         |
| 2.4.4 Mareritt  | 8         |
| 2.4.5 Åtferdsending   | 8         |
| 2.4.6 Seksuell utagering  | 8         |
| 2.4.7 Konsentrasjonsvanskar   | 8         |
| 2.4.8 Inneslutta eller utagerande   | 8         |
| 2.4.9 Uttrykkslause   | 9         |
| 2.5 Opplysningsplikt til barneverntenesta   | 9         |
| 2.6 Tiltaksplan & beredskapsplan  | 9         |
| <b>3.0 Metode</b>   | <b>10</b> |
| 3.1 Kvantitativ metode  | 10        |
| 3.2 Val av metode   | 10        |
| 3.3 Etiske aspekt   | 11        |
| <b>4.0 Empiri</b>   | <b>11</b> |
| 4.1 Figur 1 – Kva rolle har informantane?   | 11        |
| 4.2 Figur 2 – Kor lenge har dei arbeida i barnehagen?   | 12        |
| 4.3 Figur 3 – Beredskapsplan  | 12        |
| 4.4 Figur 4 – Er beredskapsplanen tilgjengeleg?   | 12        |
| 4.5 Figur 5 – Eit tema som blir diskutert i barnehagen?   | 13        |
| 4.6 Figur 6 – Kurs eller foredrag?  | 13        |
| 4.7 Figur 7 - Veit du kva du skal observere?  | 14        |
| 4.8 Figur 8 – Veit du korleis ein går fram ved mistanke?  | 14        |
| 4.9 Figur 9 – Får barna opplæring?  | 15        |
| <b>5.0 Drøfting</b>   | <b>15</b> |
| 5.1 Beredskapsplan – er denne tilgjengeleg for dei barnehagetilsette?                                     | 15        |
| 5.2 Veit dei som arbeider i barnehage kva dei skal observere ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn? | 16        |
| 5.3 Kva skal ein gjere ved mistanke om seksuelle overgrep?  | 17        |
| 5.4 Korleis snakke med barn og foreldre   | 19        |
| 5.5 Får barna i barnehagen opplæring om seksualitet og seksuelle overgrep mot barn?                       | 19        |
| <b>6.0 Konklusjon</b>   | <b>20</b> |
| <b>7.0 Litteraturliste:</b>   | <b>22</b> |
| <b>Vedlegg 1 – Spørjeundersøkinga</b>   | <b>24</b> |

## 1.0 Innleiing

*Ei verd der det gode ikkje lenger  
er sjølvsgagt eller triumferande.  
Det viser deg som glimt av godhet,  
i brødet, i blomsten, i håndtrykket.  
Men så kan det bli feia over ende av  
blind vondskap.*

Jan Inge Sørbø (Søftestad & Aschjem, 2016: s.7)

## 1.0 Bakgrunn for val av tema

I min første praksis på barnehagelærarstudiet var eg på eit foredrag og kurs med Inge Nordhaug som omhandla omsorgssvikt, seksuelle overgrep og samtale med barn. Vi hadde også han som gjesteforelesar på skulen i andre klasse, der vi hadde ein heil dag som omhandla dette. Etter desse foredraga har det gått endå meir opp for meg kor viktig det er å ha kunnskap om slike tema og at dette er noko eg har lyst å få meir lærdom om.

For å avgrense det litt har eg valt å gå spesifikt inn på temaet seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder. Seksuelle overgrep er eit tabubelagt tema i dagens samfunn. Følelsen av skuld og skam kan hindre barn i å fortelje om hendinga. For barn, foreldre og til og med fagfolk kan dette være eit tema som er vanskeleg å snakke om. Desto viktigare er det at vi som fagfolk og andre tilsette i barnehagen har kunnskap om det, slik at vi kan hjelpe om det er nokon som vært utsett. Det kan være vanskeleg å forstå at nokon kan utsette eit barn for seksuelle overgrep. Det er også eit tema som ein bør snakke meir om, slik at det kan bli mindre tabubelagt.

## 1.2 Formålet med oppgåva

I etterkant av desse foredraga har eg hatt nokre tankar og sattet igjen med nokre spørsmål ikring dette temaet. Har barnehagane rundt om ein beredskapsplan som er tilgjengeleg i barnehagane? Har dei tilsette kunnskap om seksuelle overgrep? Veit dei tilsette kva dei skal gjere ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn? Dette er nokre av spørsmåla eg kjem til å ta opp i oppgåva mi. Som tilsett i ein barnehage er det viktig å ha kunnskap om dette. Barna er i barnehagen store delar av dagen og kan sjå på oss som omsorgspersonar dei kan snakke med. Om eit barn har opplevd seksuelle overgrep er det sjanse for at dei kan hinte eller fortelje om dette i barnehagen. Da er det viktig at dei tilsette veit korleis ein skal handtere

ein slik situasjon. Kva som blir lagt i omgrepet barn kan i følge Nordhaug (2018) variere frå kultur til kultur. I Noreg er ein barn fram til ein fylt 18 år, men den seksuelle lågalderen er 16 år (Nordhaug, 2018, s. 38). I denne oppgåva vil eg definere barn som barn i barnehagealder, 1-6 år.

### 1.3 Oppbygginga av oppgåva

I teoridelen har eg valt å først beskrive kva begrepet seksuelle overgrep betyr. Vidare vil eg gå inn på barn og seksualitet, både normal seksuell utvikling og korleis barn sin væremåte vil endre seg om dei vært utsett for seksuelle overgrep. Til slutt tar eg for meg kva beredskaps- og tiltaksplan er og om opplysningsplikta vi som barnehagelærarar har til barnevernet. Grunnen til at eg har valt å ta med akkurat dette er fordi det passar til problemstillinga, og dannar grunnlaget for drøftinga vidare. I drøftinga vil eg for det meste ta føre meg informasjonen eg har fått utifrå spørreundersøkinga eg har hatt. I drøftinga vil eg også trekke inn korleis ein skal snakke med barn og foreldre sidan dette er veldig aktuelt for problemstillinga.

### 1.4 Problemstilling

*"Har barnehagane beredskapsplan som omhandla seksuelle overgrep og har dei tilsette kunnskap om korleis dei skal handtere seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder?"*

## 2.0 Teori

Omfanget av seksuelle overgrep og vald mot barn er veldokumentert i nyare norske studie frå 2007, 2012, 2014 og 2016. Statistikkane er forenkla og beskreve slik på heimesidene til barne-, ungdoms- og familielidirektoratet:

*Blant norske kvinner oppgir over 1 av 5 at de ble utsatt for en form for seksuelle overgrep i barndommen, mens nesten 1 av 10 menn oppgir det samme (Søftestad & Aschjem, 2016, s. 12).*

### 2.1 Kva er seksuelle overgrep?

Straffelova beskriv seksuelle overgrep i tre kategoriar:

- §201, seksuelt krenkande eller anna uanstendig åtferd: dette omfattar seksuelle handlingar i nærvær av nokon, utan at det er noko form for psykisk kontakt, f.eks. blotting, slibrigheiter eller anna uanstendig opptreden eller verbale krenkingar.
- § 200, seksuelle handlingar: dette omfattar fysisk kontakt mellom overgripa og den utsette. Eks. Overgriparen sin berøring eller beføling av kjønnsorgan eller bryst utanpå eller innanfor klæa. Etter denne bestemmelsen er det også straffbart å forlede barn under 16 år til å utvise slike handlingar, eller anna seksuelt krenkande eller uanstendig atferd.

- § 192 -199, seksuell omgang: dette omfattar alle tre typa innstrenging i kroppen sine holrom. Som vaginalt og analt samleie, samt innføring av penis i munn og innføring av gjenstand i skjede eller endetarmsopning. Bestemmelsen omfattar også seksuelle handlingar til ein viss intensitet som f.eks. befølging inne i ein anna person sitt kjønnsorgan, masturbering eller samleieliknande bevegelsar. Ved seksuell omgang med barn omfattast dessutan innføring av penis mellom de store og små kjønnslepper.

(Søftestad & Aschjem, 2014, S. 12-14)

Korleis ”seksuelle overgrep mot barn” skal definerast er i likevel ikkje eintydig. Det blir særleg tydleg i situasjonar der det er mistanke om at eit barn er utsett for påtvinga seksuell aktivitet. Definisjonen av seksuelle overgrep er viktig for foreldre og fagfolk i barnehagen som har mistanke om at eit barn er utsett for seksuelle overgrep. Når ein får mistanke blir ein utfordra til å fortolke og prøve å forstå barnet sitt utsagn og oppførselen til barnet. Seksuelle overgrep kan være handlingar som barnet ikkje kan forstå, ikkje er modent for og ikkje kan gi informert samtykke til. Det er handlingar som krenker barnet sin integritet. Den som forgripe seg utnyttar barnets avhengighet av vaksne og/eller sin eigen maktposisjon. Handlinga baserar seg primært på den vaksne eller det eldre barnets behov. Aktiviteten bryt med sosiale tabu innanfor familien eller den aktuelle kulturen eller er ulovleg (Søftestad & Andersen, 2014, s. 23-24). Seksuelle overgrep mot barn er ein av dei mest alvorlege formene for kriminalitet. Dette er fordi barn i liten grad er i stand til å verje seg mot overgrep, og vil ofte ha vanskelegheiter med å fortelle om dei. Da er det heilt avgjerande at ansvarlege personar rundt dei avdekke overgrepa og melde frå til politiet eller andre relevante instansar (Kriplos, 2016).

Relasjonen mellom den som forgriper seg og den som blir utsatt for overgrepet medfører særlege strafferettslege reaksjonar. Seksuelle overgrep som vært begått mot familiemedlem blir nemnt som incest. Dette er uavhengig av alder, det vil seie at incest er ulovleg uansett om den utsatte er over 18 år (Søftestad & Andersen, 2014, s. 24).

## 2.2 Barn og seksualitet

Når det kjem til barn sine utforskningsaktivitetar er det vi vaksne som set ord på det og seier dei er seksuelle. Frå første stund når barnet blir født påverkast de av omgjevnadane. Kva måte omsorgspersonane møte barnet sine behov på, vil få betyding for barnet resten av livet. Barnet sitt forhold til fysisk og mental nærliek vært påverka. Barn har i liten grad forståing og oppleveling av kva seksualitet er. Det barn gjer er å utforske og leike, også seksuelt, dette har barnet i seg allereie ved fødselen. I likhet med identiteten utviklast seksualiteten i samspel med personane rundt oss. Gjennom både positive og negative tilbakemeldingar tilpassar vi oss omgjevnadane vi veks opp i, særleg av dei nærmaste omsorgspersonane. Vi tilpassar oss slektingar, vener og etter kvart barnehage og skule, samt media og ikkje minst internett

(Aasland, 2014, s. 13). Seksualiteten vår eigast av oss sjølve. Dersom vi som barn påførast vondt seksuelle opplevingar eller traumar, kan dette føre til at vi får psykiske og fysiske belastningar og lidningar seinare i livet. Ein god oppvekst gir barnet følelsen av å bli elska og ivaretatt. Då vil barnet få moglegheita til å utvikle ein god sjølvfølelse, god sjølvtillit, eit godt sjølvbilde og då eit positivt forhold til kroppen sin (Aasland, 2014, s. 14).

## 2.3 Normal seksuell utvikling hos barn

Barns seksualitet er ei utforsking som er ein del av det å bli kjent med kroppen som eit sanseleg organ. Det at kroppen er eit sanseorgan som treng fysisk berøring er allereie klart ved fødselen. Spedbarn som ligg å tar på sin eigen kropp, er ein del av den sanselege og seksuelle utviklinga, på same måte som at når den vaksne blese prompelydar på barnets mage, er til barnets store glede. Den utforskinga er ein del av det å bli kjent med sin eigen kropp og få fram den fysiske gleda med å ha ein kropp. Sånn sett er berøring noko som skal være tilstade i alle menneske sine liv, uavhengig av alder (Flaten, 2018, s. 106). For eit barn skal det være naturleg å setje ord på kjønnsorgana som det å setje ord på andre kroppsdelar. Eit barn som har nemningar for kjønnsorgana, klarer lettare å fortelje om opplevingar som anten er gode eller därlege erfaringar, og det er lettare for vaksne og skjonne kva barnet vil fortelje (Flaten, 2018, s. 107)

Det er heilt vanleg at barn, både gutter og jenter, vil sjå andre barn nakne og vise stor interesse for andre barns kjønnsorgan. Barn er tidleg bevigist på at det finst forskjellar på gutter og jenter, og leikar der dei jakar kvarandre og prøvar å få tak i kvarandre for å kysse og klemme er også heilt vanleg. Gutter sin seksuelle leik er meir utforskande, og dei forsøker å skaffe seg informasjon eller kunnskap om kroppen. Jenter sin seksuelle leik er ofte knytt til relasjonar og kvardagslege gjermål (Flaten, 2018, s. 108). Utforsking av kroppen i barnehagealder handlar om å oppdage at berøring og stimulering av nokre kroppsdelar gir fysisk nytting. Barn oppdagar tidleg at det og gni seg på andre plassar på kroppen, gir ikkje same nytting som å gni seg på kjønnsorganet (Flaten, 2018, s. 109).

Nordhaug har lista opp kva som blir sett på som ei normal form for uttrykk for seksualitet for barn i 2-6 års alderen. Normale tankar og uttrykk er blant anna: Lite bluferdigheit, barnet frydar seg over eigen nakenheit, brukar ord som tiss og besj med jamnaldrande, kan undersøke forskjellane mellom jentekropp og guttekropp, nysgjerrig på kjønnsorgan, berøre eigne kjønnsorgan (også offentleg), vise sexleik med jamnaldrande barn og søskjen (leikar doktor) og at dei opplev glede ved berøring av eigne kjønnsorgan (Nordhaug, 2018, s. 39-40).

## 2.4 Korleis oppdage seksuelle overgrep?

Avvikande tankar og uttrykk for seksualitet for barn i 2-6 års alderen: tar munnen mot kjønnsorganet, puttar gjenstandar i skjede og endetarmsopning, masturberer med gjenstandar, berøre andre sine kjønnsorgan sjølv om ein har fått beskjed om å slutte og at dei berører andre vaksne kjønnsorgan (Nordhaug, 2018, s. 39-40).

### 2.4.1 Barnebok

I boka "Blekkspruten" av Gro Dahle og Svein Nyhus blir ei jente, som vert omtalt som gullet, misbrukt av bror sin, blekkspruten. "Gullet" vært utsett for seksuell omgang og seksuell handling. I boka blir det også brukt incest, som eg tidlegare har omtalt som overgrep i nære relasjoner. I boka er "gullet" ei glad jente, heilt til "blekkspruten" ein dag kjem inn på rommet hennar. Vidare i boka kjem det fram kor fanga "Gullet" føle seg av hendinga, at ho ikkje kan seie noko og at ho ikkje klarar. Tankane hennar svirra i hovudet om at det kanskje er hennar feil, at det kanskje var ho som begynte og at det kanskje var ho som ville leike. "Gullet" får også problem med pusten sin, ho kjenner det langt inni kroppen og i magen, ho merkar at det dunkar i heile kroppen hennar, ho ler ikkje, smilar ikkje, er berre trist (Dahle & Nyhus, 2014). Barn kan føle seg medskyldig i det uforståelige som har skjedd. Overgripa seier kanskje at dette er "vår" hemmelegheit, ikkje sei det til nokon, eg ser/veit du likar dette, du fristar meg, osv. (Aasland, 2014, s. 66).

### 2.4.2 Barns kommunikasjonsform

Barn kan tru at vaksne skjønna eller veit kva som skjer, eller barna meina de har sagt i frå, utan at dei forsikrar seg om at den dei har prøvd å sagt i frå til høyre eller forstod kva dei prøvde å fortelje. Barn trur også at vi vaksne kan sjå korleis dei har det. Det er viktig at ein snakkar med barna om kva dei kan gjere når dei vaksne ikkje ser eller forstår at dei har det ilt. Ein må være merksam på kva barn signalisera, og deira kommunikasjonsform (Aasland, 2014, s. 66).

Barn som blir utsett for seksuelle overgrep, kan gi veldig svake signal på at noko er gale. Det er viktig å tenke på at dei fleste signal og kan ha andre årsakar enn at barnet er blitt utsatt for seksuelle overgrep. Det er ikkje først og fremst det barna seier som gjer vaksne bekymra, men korleis barnet er og kva det seier. Dei minste barna har kanskje enda ikkje forstått alle tabu rundt seksualitet og kropp. Nokon kan fortelje om ein hemmelegheit ved for eksempel å seie at det kjem mjølk/yoghurt ut av tissen til pappa. Dei kan teikne konkret at seksuelle overgrep skjer, eller store erigerte penisar som står rett opp og noko sprutar utav dei. Vidare skal eg gå inn på teikn barn kan gi når dei er utsett for seksuelle overgrep.

### 2.4.3 Regresjon

Dette betyr å gå tilbake i utvikling. Barnet kan for eksempel begynne å snakke babyspråk etter at det har begynt å snakke rent, eller det kan begynne å tisse og bæsje på seg igjen. dette kan også skje ved andre sterke opplevingar eller vonde traume og når barnet har det dårleg av andre grunnar (Aasland, 2014, s. 74).

### 2.4.4 Mareritt

Barn kan få søvnproblem og vonde draumar. Nokre gongar drøymar dei om den som utførte overgrepene. Da kan dei rope namnet til overgriparen, eller ”ikkje ta meg på tissen”, ”gå vekk”, dei kan også vri seg i senga og halde seg på tissen å seie ”nei, nei, nei” (Aasland, 2014, s. 74).

### 2.4.5 Åtferdsendring

Barnet kan endre åtferd. Barnet kan for eksempel vise aggressjon, passivitet, konsentrasjonsvanskjer eller mistrivast som det ikke har vist før. Her er det også viktig å tenke på at det kan være andre årsakar til at barnet endrar åtferd. Det er viktig at ein er audmyk og ta oss tid til å innhente opplysningar som kan gi oss ei forklaring (Aasland, 2014, s. 75).

### 2.4.6 Seksuell utagering

I nokre tilfelle kan åtferda bli seksualisert. Nokon av barna som utsetjast for seksuelle overgrep, fysisk og/eller psykisk, kan bruke eit avansert seksuelt språk. Her er det også viktig å tenke på at det kan kome av andre ting, for eksempel at dei har lært det av andre barn. Nokre barn kan være seksuelt aggressive, truande og manipulerande i sin seksuelle leik med andre barn, eller ha ein forførande åtferd som er meir utagerande, pågående og direkte enn den er tilgjort. Dei kan tvinge barn til seksuelle leikar. Vi kan sjå aggressiv seksuell åtferd hos dei barna som utsetjast for seksuelle overgrep (Aasland, 2014, s. 76).

### 2.4.7 Konsentrasjonsvanskjer

Nokre barn kan få problem med å konsentrere seg. Grunnen til dette er at dei stadig vekk tenkjer på det dei har opplevd eller at dei prøvar å skyve vekk tankane. Nokre blir det meir uro rundt, dei klarer ikke sitje i ro og må alltid være i bevegelse. Andre barn kan bli meir fjerne, stille og dei klare ikke følgje med på det som skjer rundt dei ( Aasland, 2014, s. 78).

### 2.4.8 Inneslutta eller utagerande

Barn kan ofte prøve å formidle noko til oss utan ord, altså dei uttrykkje seg ikkje-verbalt. Barnet kan være vanskeleg å forstå, anten det barnet uttrykkje seg for å være svært aktivt og aggressivt eller ved å være veldig blid eller trist. Barnet kan være plagsamt kontaktsøkjande eller være det barnet ein ikkje kjem seg

innpå. Når eit barn ikkje klare uttrykkje noko ved hjelp av ord, kjem det ofte til uttrykk i oppførsel. Barnet kan da være vanskeleg å forstå seg på. Det skapar da ei uroleg kjensle eller ein dårlig magefølelse hos den vaksne (Aasland, 2014, s. 79).

#### 2.4.9 Uttrykkslause

Nokre barn som bære på hemmelegheiter eller som er utsett for ille traumar, kan bli uttrykkslause. Nokre verkar kanskje apatiske, avhengig av det dei har blitt utsett for. Ansiktet viser ingen forandring mellom glede og sorg. Men nokre barn reagera på traumar og ille opplevingar på måtar som kanskje verkar heilt uforståelege for oss (Aasland, 2014, s. 79).

### 2.5 Opplysningsplikt til barneverntenesta

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta si side. Utan hinder av teieplikt skal barnehagepersonalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. lov om barneverntenesta §4-10, §4-11, §4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. same lov §4-24. Også etter andre pålegg frå de andre organ som er ansvarlege for gjennomføringa av lov om barneverntenesta, pliktar barnehagepersonalet å gi slike opplysningar, dette skal normalt styrar gi (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 41). Tilsette i barnehagen kan søke råd, også anonymt, frå kommunen si barnevernsteneste, hos politiet, helsestasjonen eller ppt-tenesta. Desse instansane kan også delta i anonyme drøftingar med barnehagane. Dersom kommunen har eit konsultasjonsteam kan ein anonymt leggje saken fram for teamet (Redd barna, 2018).

### 2.6 Tiltaksplan & beredskapsplan

I 2014 la regjeringa fram Tiltaksplan for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom (2014-2017), "Ein god barndom varer livet ut". Tiltaksplanen skal bidra til å forhindre og førebygge vald og seksuelle overgrep og sørge for at barn og unge som utsetjast for vald og seksuelle overgrep sikrast tidleg og får riktig hjelp uavhengig av kvar i landet dei bur (Regjeringa, 2017).

Ein beredskapsplan er ein plan for kva dei tilsette må gjere for å førebygge og avdekke vald og overgrep mot barn. Den skal sikre at alle tilsette kjenne og tar i bruk opplysningsplikta til barnevernet som er nærmest nemnt i punkt 2.5. Beredskapsplanen gjeld ved overgrep frå vaksne eller andre personar som er ein del av barnets nettverk. Alle tilsette skal være kjent med rutinane for å melde. "Redd barna" oppfordrar på sine sider til at alle rutinane gjennomgåast minst ein gong i året for alle tilsette, og ved alle tilsetjingar. Barnehagen skal ha lav terskel for å melde frå om bekymring for vald eller overgrep (Redd barna, 2018).

## 3.0 Metode

Metode er framgangsmåten for å gje svar på ulike typar forskningsspørsmål. Det dreiar seg om å samle inn, analysere og tolke data, på denne måten får ein informasjon som framhevar problemstillinga (Bergsland & Jæger, 2014, s. 66).

### 3.1 Kvantitativ metode

Ei kvar undersøking går igjennom forholdsvis klare fasar. Dei to første fasane er likt for både kvantitativ og kvalitativ metode, altså utvikling av ei problemstilling og val av undersøkingsdesign som passa best til problemstillinga. I den kvantitative skal ein i hovudsak konsentrere seg om utarbeiding og utforming av spørjeskjema med faste svaralternativ (Jacobsen, 2013, s. 26). Den neste fasen handlar om korleis analysere datamateriala. Eg har valt å bruke kvantitativ metode, med eit nettbasert spørjeskjema.

### 3.2 Val av metode

Med tanke på at eg ville ha informasjon frå mange barnehagar frå forskjellige plassar valte eg ei nettbasert spørjeundersøking, der eg brukte programmet Google Forms. Hovudgrunnen til at eg valte dette programmet er at ein får moglegheita til å få inn data frå mange informantar. Dette er kanskje eit tema som er vanskeleg å ta opp, og dermed lettare for folk å svare når dei veit undersøkinga er anonym. Skjemaet vart utarbeidd med 9 spørsmål og faste svaralternativ. Dette var for at det ikkje skulle bli for krevjande for folk å svare, dermed sjanse for å få fleire svar. Før eg starta i gong med undersøkinga hadde eg ein pilotstudie. Dette var for at eg først og fremst ville finne ut om eg fekk dei data eg ynskte og at spørsmåla var greie å forstå.

Etter eg hadde hatt pilotstudien endra eg på litt rettskriving og ting som kanskje ikkje var heilt forståeleg sendte eg ut spørjeundersøkinga. Denne la eg ut på ei lukka gruppe på Facebook som heite "Idebroen for barnehage". Grunnen til at eg valte legge den ut der er fordi eg treff rette målgruppa, folk som arbeider i barnehage. Uavhengig om det er styrar, pedagogisk leiar, fagarbeidrarar, assistenter eller vikarar. I starten av skjemaet vart det formidla kva hensikta med undersøkinga var. I innlegget eg la ut skreiv eg litt om kven eg var og kva eg studerte.

Ved analysering av funn vil eg bruke kakediagram. Utifrå desse vil eg få sjå kor mange som prosent som har svart på dei forskjellege svaralternativa. Vidare vil eg evaluere funna, om dei er reliabile (pålitelege) eller valide (gyldige) og til slutt tolke dei (Jacobsen, 2015).

### 3.3 Etiske aspekt

Når ein driv med undersøking på andre menneske er det tre grunnleggande krav som ein før forsøke og tilfredsstille: informert samtykke, krav til privatliv og krav til å bli korrekt gjengitt. Den som undersøkjast må være i stand til å sjølv bestemme om han/ho vil delta i undersøkinga, altså det må være frivillig. For at folk skal kunne få velje fritt om dei vil delta i undersøkinga eller ikkje, må dei har full informasjon om undersøkinga si hensikt, kva ulemper og fordelar den kan medføre for dei, og korleis datamaterialet skal nyttast også vidare (Jacobsen, 2015).

Når ein gjennomfører ei undersøking, må ein alltid tenke nøye igjennom kor følsam informasjonen er for den som undersøkast. Desto meir følsam informasjonen er, desto sterkare tiltak bør ein setje i verk for å sikre privatlivet til den som undersøkast. Typiske private samanhengar er det som skjer i heimen, i familien eller saman med vene i private lag. Meir offentlege samanhengar er kva folk gjer i jobben eller for eksempel i eit demonstrasjonstog (Jacobsen, 2015, s. 33). I gjennomføringa må ein møte menneske som involverast med å ivareta personvernopplysninga og også være bevist på at ein er i ei studentrolle og ikkje gå utanfor den. Det er også viktig at ein ivaretake teieplikta og at all informasjon må være anonym. Etiske retningslinjer må også ivaretakast når ein legg fram sine funn.

## 4.0 Empiri

Vidare vil eg sjå på empirien, som er ”data om virkeligheten” som består både av objektive ting (biologiske og materielle) og subjektive oppfatningar (meiningar, haldningar og verdiar) (Jacobsen, 2015, s. 14). Formålet med denne oppgåva var å få svar på problemstilinga: Har barnehagane beredskapsplan som omhandla seksuelle overgrep og har dei tilsette kunnskap om korleis dei skal handtere seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder?”. Her vil eg presentere mine resultat frå undersøkinga både grafisk og med beskrivande tekst. Responsen frå folk var overveldande og eg fekk inn 1109 svar som vart mykje meir data enn eg hadde sett føre meg på førehand. Når eg skriv kor mange prosent som har svart vil eg bak dette skrive talet i parentes. Eg har også valt å ikkje legge inn bilete av figur 1 og 2 sidan desse ikkje er tatt med i vidare drøfting.

### 4.1 Figur 1 – Kva rolle har informantane?

I figur 1 viser kva rolle informantane har i barnehagen. Fleirtalet er pedagogiske leiarar og utgjer 44,3% (491), barnehagelærarar 13,2% (146), fagarbeidarar 21% (233), assistenter 12,9% (143), 5% (55) er styrarar og 3,7% (41) vikarar.


#### 4.2 Figur 2 – Kor lenge har dei arbeida i barnehagen?

Figur 2 viser kor lenge informantane har arbeida i barnehagen dei arbeider i. Ein stor del på 45,1% (500) har vore i same barnehagen i over 5 år, 38,6% (428) har vore i 1-5 år og 16,3% (181) har vore i under eit år.

#### 4.3 Figur 3 – Beredskapsplan

**Har barnehagen du arbeider i ein beredskapsplan for førebygging av seksuelle overgrep mot barn?**

1 109 svar




Figur 3 viser om barnehagane har beredskapsplan for førebygging av seksuelle overgrep mot barn. Godt over halvparten på 67,4% (748) svarte ja på dette, 11% (122) svarte nei og 21,6% (239) veit ikkje om barnehagen har beredskapsplan.

#### 4.4 Figur 4 – Er beredskapsplanen lett tilgjengeleg?

**Viss ja, er beredskapsplanen lett tilgjengeleg for alle som arbeider i barnehagen?**

1 109 svar




Figur 4 viser om beredskapsplanen er lett tilgjengeleg eller ikkje for alle som arbeida i barnehagen. Litt over halvparten svarte ja 58,4% (648). Ein del på 24% (266) veit ikkje om den er det og ein liten del på 6,9% (76) svarar at den ikkje er lett tilgjengeleg for alle. Og at dei ikkje har beredskapsplan var 10,7% (119).

#### 4.5 Figur 5 – Eit tema som blir diskutert i barnehagen?

**Er seksuelle overgrep eit tema som blir diskutert i barnehagen du arbeider i?**

1 109 svar




Figur 5 viser om seksuelle overgrep er eit tema som blir diskutert i barnehagen. 76,7% (851) har svart ja, 18,8% (208) nei og ein liten del på 4,5% (50) som har svart veit ikkje.

#### 4.6 Figur 6 – Kurs eller foredrag?

**Har du som arbeider i barnehage vore på kurs eller foredrag som omhandlar seksuelle overgrep mot barn?**

1 109 svar




Figur 6 viser kor mange som har vore på kurs eller foredrag som omhandla seksuelle overgrep mot barn. 72,6% (805) som er langt over halvparten har svart ja, 26,6% (295) har svart nei, og ein liten del på 0,8% (9) har svart veit ikkje.

#### 4.7 Figur 7 - Veit du kva du skal observere?

**Veit du som arbeider i barnehage kva du skal observere ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn?**

1 109 svar




Figur 7 viser om dei som arbeidar i barnehagen veit kva dei skal observere ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn. 86,5% (959) svarte ja, 9,6% (106) svarte nei og ein liten del på 4% (44) svarte veit ikkje.

#### 4.8 Figur 8 – Veit du korleis ein går fram ved mistanke?

**Veit du som arbeider i barnehage korleis du skal gå fram ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn?**

1 109 svar




Figur 8 viser om dei som arbeidar i barnehagen veit korleis dei skal gå fram ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn. Ein stor del på 88,7% (948) svarte ja, 9,6% (106) svarte nei og ein liten del på 4% (44) svarte veit ikkje.

#### 4.9 Figur 9 – Får barna opplæring?

Får barna i barnehagen du arbeider i opplæring om seksualitet og seksuelle overgrep mot barn?

1 109 svar



Figur 9 viser om barna fekk opplæring om seksualitet og seksuelle overgrep i barnehagen. Nesten halvparten, 48,4% (537) svarte nei, 38,1% (422) svarte ja og 13,5% (150) svarte veit ikkje.

## 5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil eg trekke fram funn frå spørjeundersøkinga mi, som er med på å belyse mi problemstilling. Det eg har ynskja å finne svar på i oppgåva er: *Har barnehagane ein beredskapsplan som omhandla seksuelle overgrep og har dei tilsette kunnskap om korleis dei skal handtere seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder?* Funna vil eg forsøke å diskutere saman med relevant teori.

### 5.1 Beredskapsplan – er denne tilgjengeleg for dei barnehagetilsette?

Noko eg har lurt på er om barnehagane rundt om i Noreg har beredskapsplan for førebygging av seksuelle overgrep mot barn. Som nemnt i punkt 2.6 er ein beredskapsplan ein plan som vise kva dei tilsette i barnehagen må gjere for å førebygge og avdekke vald og overgrep mot barn. I denne studien var det godt over halvparten av informantane, 67,4% (748), som svarte at barnehagen dei arbeidar i hadde ein beredskapsplan mot seksuelle overgrep. Det var berre 11% (122) som svarte at barnehagen dei arbeider i ikkje har tiltaksplan. Her kjem og fram at 21,6 % (239) veit ikkje om barnehagen har beredskapsplan. Set ein dei to siste saman, er det over 30% som ikkje har, eller ikkje veit om barnehagen har ein beredskapsplan.

Når ein tilsett i barnehagen opplev at noko er gale eller at det er noko som ikkje heilt stemmer, kan det kjennast som ei privat oppleveling. Når vi kjem inn i ein slik situasjon der nokon har opplevd overgrep, er det viktig at vi set den private opplevelinga til sides. Alle opplevelingar ein har av eit barn som er knytt til arbeid, skal handterast profesjonelt på arbeidsplassen. Ein skal drøfte slike opplevelingar med den nærmaste leiaren.

Når ein som tilsett i ein barnehage kjem over noko som gir mistanke om overgrep, er dette noko barnehagen burde ha reglar og rutinar for. Som nemnt ovanfor hadde godt over halvparten av informantane beredskapsplan i barnehagen dei arbeidar i, men eg skulle ynskje og hadde sett for meg at svaret var høgre og at enda fleire hadde.

Når ein arbeider i barnehagen er det viktig at ei sjekkar og studera dei lokale rutinane som barnehagen har når det kjem til overgrep. I ein barnehage skal alle tilsette være kjent med rutine som omhandla blant anna seksuelle overgrep. Som nemnt i punkt 2.6 oppfordrar ”Redd barna” på sine nettsider at rutinane vært gjennomgåtte minst ein gong i året og ved nye tilsetjingar. Det er også viktig at ein sjekkar desse for å sjå om det er noko som må endrast på eller bli aktivisert slik at alle veit kva som skal gjelde. Det er viktig med gode rutinar, og at alle i personalet har tilgang til informasjon. For at dette skal være mogleg er det viktig at ein gir opplysningar til personalet om kva ein faktisk har tilgang til i slike situasjoner. Noko anna som er viktig når ein har ein beredskapsplan er at den er tilgjengeleg for alle tilsette. I undersøkinga mi ville eg få fram om beredskapsplanen var tilgjengeleg for alle tilsette i barnehagen. Her kom det fram at godt over halvparten hadde den lett tilgjengeleg. Det var berre eit fåtal som svarte at den ikkje var tilgjengeleg for alle tilsette. Noko som overraska var at det var ein stor del som ikkje viste om denne var tilgjengeleg. Dette er ein plan alle tilsette i barnehagen burde ha kjennskap til om dei har eller ikkje. Eg tenkjer at når ein har ein slik plan er det viktig at den er tilgjengeleg for alle og ikkje berre for dei øvste leiarane i barnehagen. Tiltakskort er noko Inge Nordhaug skriv om i si bok. Dette er eit støtteverktøy som viser kva nødvendige tiltak ein må gjer og i riktig rekkefølge (Nordhaug, 2018). Slike kort er noko ein kan ha ved sida av ein beredskapsplan, og kan være til god hjelp den dagen ein sit i ein situasjon der du får mistanke om at eit barn har opplevd eit seksuelt overgrep. Eit eksempel på dette er at ein dag du er på jobb i barnehagen, kan det kome eit barn bort til deg og barnet gir uttrykk for at den har opplevd noko vondt. Da er det viktig at du som tilsett veit korleis du skal handtere dette, og at barnehagen har rutinar for kva ein skal gjer om eit barn gir uttrykk om dette.

## 5.2 Veit dei som arbeider i barnehage kva dei skal observere ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn?

I tillegg til fysiske teikn kan ein og få signal av barn gjennom kommunikasjon som eg i punkt 2.4 har gått djupare innpå. Barn kan kommunisere redsel ved å ikkje ha lyst å besøkje mor eller far, eller dei kan uttrykkje tidlegare hendingar både gjennom teikning, leik og verbal kommunikasjon. Vi kan hjelpe barnet å uttrykkje seg, gjennom samtale og ved å lytte på det barnet har å seie. Det er også viktig at vi klarer å skilje mellom det som er normal seksuell utvikling hos barn og kva som ikkje er normal. Forskjellane på dette er nærmare beskrive i punkt 2.3 og 2.4. I denne studien viser det seg at ein stor del av dei som deltok i undersøkinga, 86,5% (959) svara ja på at dei veit kva dei skal observere ved mistanke om seksuelle

overgrep mot barn. 9,6% (106) svarte nei og 4% (44) svarte veit ikkje. Så om ein legg saman dei to siste svara, nei og veit ikkje, får vi ein liten del på 13,6% (150) som ikkje er sikre på kva dei skal observere når det kjem til mistanke om seksuelle overgrep. Eg tenkjer at dette er eit tema som er mykje av i media og at det er viktig at vi som barnehagelærarar får opplæring i korleis handtere det.

Det er veldig viktig at ein stolar på magefølelsen sin. Når ein får ein därleg magefølelse er det noko med det barnet som gjer deg uroleg. Seksuelle overgrep kan her være ein av mange årsakar. Ved å snakke med ein kollega kan du kanskje få greie på noko med dette barnet som du ikkje viste frå før og bitane fell på plass. Andre gongar kan det være at andre også opplev at det er noko med det barnet. Det er ofte at barn som har opplevd seksuelle overgrep gir veldig svake signal på at noko er gale (Aasland, 2014, s. 70-71). Ei uro eller bekymring kan vere ei kjensle som har kome over tid, eller ei kjensle som oppstår brått i samband med ei hending som skjer. I barnehagen kan dette vere eit barn som seier og gjer noko som gjer at den vaksne lurer på kvar dette kjem frå.

For at personalet i barnehagen skal få kunnskap om kva ein skal gjere ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder, er det viktig at dei får reise på kurs eller foredrag som omhandla dette. For at barnehagepersonalet skal få kunnskapar om dette temaet er det også viktig at det er eit tema som også blir diskutert. I denne studien viste det seg at i ein god del barnehagar er dette eit tema som blir tatt opp i barnehagen. 76,7% (851) svarte ja på spørsmålet om seksuelle overgrep var eit tema som vart diskutert i deira barnehage. 18,8% (208) svarte nei på dette spørsmålet og 4,5% (50) svarte veit ikkje. Det er ikkje mange barnehagar det er snakk om som ikkje diskuterer det, men eg synest det er ein stor del. Dette er eit tema som burde bli tatt opp i alle barnehagar og alle burde ha kunnskap om. I denne studien ville eg også finne ut om tilsette i barnehagen får kurs eller får reise på foredrag som omhandla seksuelle overgrep mot barn. Her var det ein stor del på 72,6% (805) som svarte ja på at dei hadde vore, medan 26,6% (295) har svart nei, her er det berre ein liten del på 0,8% (9) som har svart veit ikkje.

### 5.3 Kva skal ein gjere ved mistanke om seksuelle overgrep?

Sjølv om alle sakar ikkje er like, finnast det nokre fellestrekks på korleis ein skal gå fram. Ein uheldig situasjon er dersom ein barnehagelærar eller ein anna i personalet vert uroleg for eit barn og brukar tid og energi på det utan at ein drøftar det med leiar. Det kan fort skape konflikt mellom ulike perspektiv dersom ein ikkje går i dialog med institusjonen sin om den bekymringa ein har (Nordhaug, 2018, s. 68). Mangel på kunnskap om seksuelle overgrep er ofte grunnen til at enkelte barn ikkje får hjelp. Kanskje du ikkje tør, du er redd for å ta feil og lar være å gjere noko som helst. Eller du ikkje tør melde akkurat den mora eller den faren. Men det er heller ikkje noko du skal gjere, det er bekymringa ein skal melde, ikkje personen (Aasland, 2014: s. 116-117). I denne studien har eg også fått svar på om dei som arbeider i barnehagen veit korleis dei skal gå fram ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn. Her er det også ein stor del som har svart ja, 88,7%

(948), men ein liten del svarte nei, 9,6% (106) og veit ikkje, 4% (44). Set ein også desse to siste svara saman vil det bli ein liten andel, 13,6% (150), som ikkje veit korleis dei skal gå fram ved mistanke om seksuelle overgrep.

Når du får ei bekymring er ei fornuftig byrjing at ein set seg ned, samla tankane, og tenke over kva du skal gjere med bekymringa. Ein anna ting ein kan tenke på er at det er lurt å skunde seg langsamt. Ein skal gjere ein ordentlig jobb for å hjelpe barnet ein er uroleg for, og då må ein bruke litt tid på å gjere eit grundig forarbeid. Eit unntak her er dersom barnet har sagt klart og tydeleg ifrå, anten verbalt eller non-verbalt, eventuelt gjennom teikning, både kven det er og noko av det som skjedde. I dette tilfelle treng ein ikkje bruke lang tid på ei bekymringsmelding. Vidare er det viktig at ein innhentar kompetanse, som nemnt i punkt 2.5 kan tilsette i barnehagen søke om anonyme råd hos barneverntenesta, hos politiet, helsestasjonen eller ppt-tenesta. Når ein kontakta andre instansar for råd, husk alltid å spørje om den du snakkar med har kompetanse i slike sakar, det er det ikkje alle som har (Aasland, 2014). Prosessen frå ei tidleg uro til at det har blitt ei bekymring som skal gjerast noko med, består av mange steg: observasjon, konsultasjon, samtale med leiar, samtale med barn og liknande. I Nordhaug (2018) var det fem ulike tema som kom fram og viser kva som fører til bekymringar hos tilsette i barnehagen: avvik frå normalutvikling, åtferdsendring, uklar tilknyting, manglende tilfredsstilling av primær behov og tydleg teikn på vald eller overgrep. (Nordhaug, 2018, s. 71). Dette har eg tidlegare vore innom i punkt 2.4 å beskrive nærmare. Både klar bekymring og diffus magekjensle krev at barnehagen har eit system for å ta avgjersle som kan handtere at ein formidla bekymringa fram slik at barn og foreldre får konkret hjelp.

Ved mistanke om seksuelle overgrep skal alle relevante observasjonar noterast ned fortløpande. Noter ned når du fekk mistanken og kva den bestod av, altså hendingsforløpet. Når ein noterar dette er det viktig at ein har med: Dato, arena for observasjon, kven som er til stades når observasjonen skjer og namn på den som har skreve notatet. Som tidligare nemnt skal ein ikkje være aleine med mistanken og det er viktig at ein henvend seg til nærmaste leiar. Dersom ein ikkje vært lytta på, som i nokre tilfelle kan skje, tar ein det vidare direkte til leiarnivå over dette, eller til politiet (Bufdir, 2015).

Som tilsett skal ein ikkje drive etterforsking, berre samle relevant informasjon til politiet tar over saka. Det er ei avgjerande betydning at ein har skreve ein rapport om det mistenkte eller utførte overgropet, og at dette er blitt nedskrive straks. Korleis ein skal forholde seg til overgriparen er i liten grad avhengig av kven den er. Den mistenkte skal ikkje konfronterast, sidan dette er politiet sin oppgåve. Dersom det er oppretta overgropsteam/ressursgruppe i kommunen eller fylket, skal den ansvarlege leiaren handtere saken i samråd med denne (bufdir, 2015).

## 5.4 Korleis snakke med barn og foreldre

Som eg har vore innpå tidlegare i punkt 2.4.2 har barna ulike måtar å legge ut signal til vaksne rundt seg om korleis dei har det. Dersom ein tenkjer på si eiga historie, sit ein ofte med opplevingar som ein ikkje har delt med nokon. Noko anna ein garantert også har merka sjølv er at det er lettare å opne seg meir for ein person som ein stolar på og har god relasjon med. Du skal ikkje gjere noko du ikkje har tenkt over eller ufornuftig slik at du øydelegg for barnet som har begynt opne seg for deg. Det er ikkje uvanleg å tenke at ein har lyst å ta med seg barnet heim og beskytte det, men slik er det ikkje i verkelegheita (Aasland, 2014: s. 118). Dei minste tenkjer ikkje over konsekvensane over det dei kan finne på å seie. Etter kvart som dei blir eldre vil dei forstå kva dei ikkje kan seie, og tenke på kva som kjem til å skje om dei fortel. Det er også viktig å forstå at åtferd er kommunikasjon som må tolkast med barnet. Ein kan kalle den samtalen som oppstår på bakgrunn av åtferd eller utsegner, ein impulsiv samtale. Den impulsive samtalen er ein samtale som går føre seg fordi ein sensitiv vaksen møter signala frå barnet. Det å forstå kva som held barn att, kan hjelpe oss med å finne ut korleis vi kan snakke med dei for å få gjort noko med hindringane. Eit barn kan plutselig seie noko som får oss til å stusse. Da er det viktig at ein snakkar vidare med opne spørsmål. Nordhaug (2018) kjem med nokre dømer på dette. Eit barn seier "*André syg på totten, det er ekkelt å suge på tissen*". Den vaksne kan da svare "*Du seier det er ekkelt å suge på tissen, kvar har du lært det?*" eller "*har du mått gjere det med nokon?*" og eventuelt vidare "*med kven?*" (Nordhaug, 2018, s. 95).

Den andre typen samtale er når ein vaksen har planlagt at den vil snakke med barnet. Ofte er dette fordi den vaksne er bekymra for noko som gjeld barnet, og ofte som ein konsekvens av ein impulsiv samtale som har blitt utsett. Grunnen til at ein kanskje må ta den samtalen seinare er at det kan være barn rundt som er altfor involverte i situasjonen. Det er da mest forsvarleg å ta samtalen igjen på tomannshand med det eine barnet. Den vaksne som skal ta samtalen får da tid til å be om råd hos styrar eller ein annan kollega om korleis ein kan følgje opp samtalen. Nordhaug (2018) snakkar om desse samtalane i lys av tilknyting, der han bruker desse prinsippa: Følgje initiativet og merksemtdstanden til barnet, tilføre noko relevant og nyttig for barnet, gi rom for barnet så det kan organisere seg, skape rytme og turtaking i samtalen og ta tydeleg leiing og sørge for struktur i samtalen (Nordhaug, 2018, s. 96). Når ein arbeider i barnehage møter ein som oftast barnet kvar dag over fleire veker og år. Ein vil da kjenne barna, og barna vil kjenne den vaksne. Når for eksempel ein pedagogisk leiar i barnehagen skal invitere til ein samtale, vil dei ikkje være nødvendig å bruke lang tid på etablere kontakt for å få til ein samtale. Noko eg tenkjer er veldig viktig i ein situasjon der ein må ha ein slik samtale med eit barn, er at ein vise at ein lyttar til det barnet seier og at ein er her for dei.

## 5.5 Får barna i barnehagen opplæring om seksualitet og seksuelle overgrep mot barn?

Det er viktig at barn lærer å setje grenser, difor kan det vere veldig viktig at ein har slik undervisning i barnehagen. Det er mange spekulasjonar rundt dette med seksual undervisning for barn i barnehagen. Ein

har dei som er veldig positive til det at barna skal lære om grensesetting og at barna bør lære tidlig at dei må være bevisste på sin eigen kropp. Så har du dei som viser seg litt meir skeptisk, men er einige i at det å snakke om kropp er fint, men ein treng ikkje gjere det til ei seksualundervisning. Det er viktig at barn lærer i tidleg alder å snakke om kropp og grensesetting. At barn får opplæring om kropp og seksualitet i tidlig alder, vil eg tippe er med på å resultere i at barna seinare i livet akseptera seg sjølv slik dei er. Og at dei ikkje har negative tankar om sin eigen kropp, sidan dei har fått opplæring i for eksempel at ingen kroppar er like i tidleg alder. Det er også veldig viktig at barn får innsikt i kva som er ein grei måte å ta på andre og kva som er ein ugrei måte, og at det er lov å seie nei om nokon tar på en. I undersøkinga mi ville eg finne ut nettopp dette, om barnehagar har seksualundervisning med barna i barnehagen. Nesten halvparten har svart at dei ikkje har noko form for seksualundervisning for barna i barnehagen. Dette kan være mange grunnar til, for eksempel at slike undervisningar er begynt å kome meir til syne no dei siste åra og at det er mange foreldre som stiller seg skeptisk til at barna skal få seksualundervisning så tidlig. Det var også ein del som svarte at dei ikkje hadde opplæring, og eit lite fåtal som svarte at dei ikkje viste om barna i barnehagen fekk slik opplæring.

## 6.0 Konklusjon

Gjennom arbeidet med denne bacheloren har eg lært utruleg mykje. Seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder er eit tema som eg ikkje kunne så mykje om frå før, men som eg har vore interessert i å lære meir om. No i ettertid sit eg igjen med mykje meir kunnskap og lært meir av djupna i temaet. Det har vore spennande å arbeide med dette temaet og ikkje minst denne oppgåva. Som nemnt tidlegare er dette noko eit personale i barnehagen bør ha kunnskap om, sidan det er viktig at ein veit korleis ein skal handtere det på rett måte. I forkant av oppgåva sat eg med nokre spørsmål eg hadde lyst til å finne ut meir om, som danna grunnlaget for problemstillinga mi. Gjennom ei spørjeundersøking har eg fått svar på denne, som var slik: *"Har barnehagane beredskapsplan som omhandla seksuelle overgrep og har dei tilsette kunnskap om korleis dei skal handtere seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder?"*

Ein beredskapsplan kan være med å hjelpe personalet til å arbeide rasjonelt og effektivt, og hjelpe personalet på korleis ein kan gå fram. Det er viktig at personalet veit korleis dei skal gå fram i slike situasjonar, og dette kan ein beredskapsplan hjelpe dei med. Som sagt ville eg finne ut om barnehagane hadde ein beredskapsplan. Det eg har funne ut er at godt over halvparten av informantane har svart at dei har ein beredskapsplan mot seksuelle overgrep. Det viste seg å berre være eit lite fåtal av barnehagar rundt om som ikkje hadde ein beredskapsplan. Noko som ikkje er vits er om ein har beredskapsplan i barnehagen og den ikkje er tilgjengeleg for dei tilsette som arbeider det. Studien i denne oppgåva har vist er at i eit stort fleirtal av barnehagane er beredskapsplanen tilgjengeleg for alle tilsette. Men det er også ein del som ikkje viste om den var tilgjengeleg eller at den ikkje var tilgjengeleg i det heiletatt. Eg har blitt sitjande igjen å

tenke kva vitsen er å utarbeide ein beredskapsplan når den ikkje er tilgjengeleg for dei som eventuelt treng den.

I andre delen av problemstillinga mi har eg stilt spørsmålet om dei tilsette i barnehagen har kunnskap om korleis dei skal handtere seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder. Funn frå studien viser at barnehagepersonalt sit med mykje kunnskap om korleis dei skal handtere seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder. Personalet både veit kva dei skal observere og korleis dei skal gå fram ved mistanke om seksuelle overgrep i barnehagen. Når det er mistanke er det viktig at vi som barnehagelærarar tenke over opplysningsplikta vi har til barnevernet, og at vi har moglegheit å diskutere saker eller hendingar anonymt med blant anna barneverntenesta.

## 7.0 Litteraturliste:

Aasland, Margrete Wiede. (2014). "... si det til noen..." en bok om seksuelle overgrep mot barn og unge. Oslo: Cappelen damm akademisk

Bergsland, Mirjam Dahl & Jæger, Henriette. (2015). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Cappelen damm.

Dahle, Gro & Nyhus, Svein. (2016). *Blekkspruten*. Oslo: Cappelen damm.

Flaten, Kirsten. (2018). *Et helt vanlig barn*. Oslo: Cappelen damm.

Jacobsen, Dag Ingvar. (2015). *Forsåelse, beskrivelse og forklaring, innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Nordhaug, Inge. (2018). *Kva ser vi, kva gjer vi, omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Bergen: fagbokforlaget.

Søftestad, Siri og Andersen, Inger Lise. (2014). *Seksuelle overgrep mot barn, traumebevisst tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.

Søftestad, Siri & Aschjem, Øivind. (2016). *Hvis klær kunne fortelle, om forståelse og handlekraft i møte med barn utsatt for vold og overgrep*. Oslo: universitetsforlaget.

Bufdir. (2015, 04.05). Mistanke om seksuelle overgrep. Hva gjør du? Henta 04.10.18 frå:

[https://www.bufdir.no/Nedsatt\\_funksjonsevne/Retningslinjer\\_seksuelle\\_overgrep\\_utviklingshemmede/Mistanke\\_om\\_seksuelle\\_overgrep\\_Hva\\_gor\\_du\\_da/](https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Retningslinjer_seksuelle_overgrep_utviklingshemmede/Mistanke_om_seksuelle_overgrep_Hva_gor_du_da/)

Kripos. (2016). Seksuelle overgrep mot barn under 14 år. Henta 11.12.18 frå:

[https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/voldtekts-og-seksuallovsbrudd/seksuelle-overgrep-mot-barn-under-14-ar\\_web.pdf](https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/voldtekts-og-seksuallovsbrudd/seksuelle-overgrep-mot-barn-under-14-ar_web.pdf)

Redd barna. (Ukjent dato). Beredskapsplan mot vold og overgrep. Henta 05.12.18 frå:

<https://www.reddbarna.no/forstyrre/beredskapsplan-mot-vold-og-overgrep>

Regjeringa. (2017, 02.05). Vold og seksuelle overgrep mot barn og unge. Henta 04.10.18 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/bekjemper-vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn-og-ungdom/id2398050/>

## Vedlegg 1 – Spørjeundersøkinga

### Seksuelle overgrep mot barn i barnehagealder

I samband med bachelor på barnehagelærarstudiet på høgskulen på vestlandet vil eg kartlegge kva strategi barnehagane har rundt temaet seksuelle overgrep. Spørreundersøkinga er anonym. \*Må fylles ut

#### Kva er di rolle i barnehagen? \*

Styrar

Pedagogisk leiar

Barnehagelærar

Fagarbeidar

Assistent

Vikar

#### Kor lenge har du vore i barnehagen du arbeider i? \*

Under 1 år

1-5 år

Over 5 år

#### Har barnehagen du arbeider i ein beredskapsplan for

#### førebygging av seksuelle overgrep mot barn? \*

Ja

Nei

Veit ikkje

#### Viss ja, er beredskapsplanen lett tilgjengeleg for alle som

#### arbeider i barnehagen? \*

Ja

Nei

Veit ikkje

Vi har ikkje beredskapsplan

**Er seksuelle overgrep eit tema som blir diskutert i barnehagen  
du arbeider i? \***

Ja

Nei

Veit ikkje

**Har du som arbeider i barnehage vore på kurs eller foredrag  
som omhandlar seksuelle overgrep mot barn? \***

Ja

Nei

Veit ikkje

**Veit du som arbeider i barnehage kva du skal observere ved  
mistanke om seksuelle overgrep mot barn? \***

Ja

Nei

Veit ikkje

**Veit du som arbeider i barnehage korleis du skal gå fram ved  
mistanke om seksuelle overgrep mot barn? \***

Ja

Nei

Veit ikkje

**Får barna i barnehagen du arbeider i opplæring om seksualitet  
og seksuelle overgrep mot barn? \***

Ja

Nei

Veit ikkje